



Barnas Barnehage Hundvin
Hundvinsvegen 5
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1192 - 17/1396

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
22.05.2017

Vedtak om godkjenning etter Barnehageloven § 10 - Barnas Barnehage Hundvin

Hundvin Naturbarnehage har endra namn til Barnas Barnehage Hundvin. Eigar og dagleg leiar / styrar er Charlotte Grimstad. I samband med namneendringa, og på bakgrunn av at Miljøretta Helsevern var på tilsyn i barnehagen 15.03.2016, vert det skrive ny godkjenning på Barnas Barnehage Hundvin.

Dokument i saka:

Barnehageloven § 6 Virksomhetens plikt til å søke godkjenning
Barnehageloven § 10 Godkjenning

Vedtak:

Barnas Barnehage Hundvin vert godkjent etter Barnehageloven § 10 Godkjenning. Under føresetnad av at barnehagen til ei kvar tid har gyldig grunneigaravtale, og nyttar desse uteområda som ein del av den daglege drifta, vert barnehagen godkjent for 34 barn over 3 år. Dersom barnehagen ikkje har gyldig grunneigaravtale, gjeld ikkje denne godkjenninga.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og i høve til godkjent areal.

Rådmannen legg til grunn at Barnas Barnehage Hundvin vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift.

Saksutgreiing / vurdering:

Barnas Barnehage Hundvin er ein privat barnehage som leigar lokale hjå Hundvingrend Sanitetsforening. Barnehagen har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 120 m² jfr godkjenning frå Miljøretta Helsevern datert 15.03.2016. Inngjera uteareal er på 786 m². Dette gjev plass til 30 barn over 3 år. Barnehagen har lagt til rette for 34 garderobeplassar.

Rettleiande arealnorm for barns leikeareal inne er 4 m² netto per barn over 3 år og 5,3 m² netto per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks ganger så stort som leike- og opphaldsarealet inne jfr. § 10 Godkjenning, Barnehageloven med merknader.



Barnas Barnehage Hundvin vert driven som ein «naturbarnehage» og nyttar fleire «leirplassar» som ein del av det daglege tilbodet. Barnehagen har inngått grunneigaravtale for bruken av desse plassane. Miljøretta Helsevern har på bakgrunn av dette gjeve ei godkjenning for 34 barn over 3 år.

I Barnehageloven § 10 Merknader står det mellom anna, sitat:

Barnehager med hovedvekt på friluftsliv skiller seg fra de ordinære barnehagene ved at de etter sitt innhold er basert på uteliv og bruk av naturen i større utstrekning enn det som er vanlig.

Vidare står det, sitat:

Med hensyn til de ordinære lokalene kan godkjenningsmyndigheten etter en konkret vurdering gå noe ned på de krav en elles ville stilt til oppholds- og lekeareal per barn i ordinære barnehager.

Barnas Barnehage Hundvin er vurdert i høve til barnehageloven:

- § 1 Formål
- § 2 Barnehagens innhold
- § 7 Vedtekter
- § 17 Styrer
- § 18 Barnehagens øvrige personale
- § 19 Styrar i barnehagen har stadfesta at dei tilsette har vist gyldig politiattest

Lovheimel: Barnehagelova § 6 Virksomhetens plikt til å søke godkjenning

Virksomheter som har ansvar for barn under opplæringspliktig alder, plikter å søke godkjenning som barnehage når:

- a. Virksomheten er regelmessig og ett eller flere barn har ukentlig oppholdstid på mer enn 20 timer, og*
- b. Antall barn som er til stede samtidig er ti eller flere når barna er tre år eller eldre, eventuelt fem eller flere når barna er under tre, og*
- c. Virksomheten utføres mot godtgjøring*
Virksomheter etter første ledd må være godkjent før driften settes i gang

Barnehagelova § 10 Godkjenning

Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf §§ 1, 1a og 2.

Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Grunngjeving:

På bakgrunn av innkomne dokument, og etter samtale med Charlotte Grimstad, vert Barnas Barnehage Hundvin godkjent etter Barnehageloven § 10 Godkjenning.

Orientering om enkeltvedtak:

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen De får dette brevet. Klagen skal stilast til den instansen som har fatta vedtaket. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei er klageinstans for enkeltvedtak fatta med heimel i barnehagelova.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Barnas Barnehage Hundvin

Hundvinsvegen 5 5956

HUNDVIN